



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars/april 2022

65. årgang



**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
tlf. 57782090/97044591

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne R. Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
tlf. 48228353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal,**

**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

**VIPPS: Gulen kyrkjelydsblad:  
706144.**

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE  
og MJØMNA SOKN:**

**Per Børge Hillestad.** tlf. 93442919.

[per.hillestad@gulen.kyrkja.no](mailto:per.hillestad@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

[kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no)

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og  
fredag kl.08.00-12.00.

[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-  
LESRÅD:**

**Leiar: Kåre Sigurd Krakhella,** tlf.

90075286. [kaare.krakhella@icloud.com](mailto:kaare.krakhella@icloud.com)

**Nestleiar: Mina Cathrin Dahl**

**Andreassen.** Tlf. 92631866

[mina.andreassen@hotmail.com](mailto:mina.andreassen@hotmail.com)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.**

## Redaksjonen

Neste nr. av bladet kjem i juni/juli.

Innleveringsfrist: 1. juni.

**Framsdebildet:** Fotoet på framsida viser eit arbeid laga av vår lokale tekstilkunstnar Borgny Brosvik (1923-2017). Eit fantastisk flott bilde! God påske til lesarane våre!

**Rettferd og fred**

På nr. 730 i salmeboka finn du denne salmen. Teksten er opphavleg frå 600-talet, og er revidert av Martin Luther i 1529. Norsk omsetjing kom i 1965, ved Johannes Smemo. Ein enkel tekst, men svært aktuell også i dag, i 2022.

*Gi fred, å Herre Gud, gi fred  
i våre harde tider!*

*Stig sterk og nådig til oss ned  
når vi i avmakt strider!*

*Gi hjarta fred, å Herre!*

*Gi fred, å Herre Gud, gi fred  
i våre harde tider!*

*Stig sterk og nådig til oss ned  
når vi i avmakt strider!*

*Gi verda fred, å Herre!*

*Gi fred, å Herre Gud, gi fred  
i våre harde tider!*

*Stig sterk og nådig til oss ned  
når vi i avmakt strider!*

*Gi evig fred, å Herre!*

## Salme 31

Salme 31 har nå blitt ei dagleg felles bønn i Ukraina. Dei ukrainske kyrkjene har blitt einige om å be denne salmen kvar dag kl. 17, etter oppfordring frå ein jødisk rabbi i landet. Det betyr at ortodokse, katolske, protestantiske og evangeliske kristne står saman med ukrainske jødar i bønn til Gud i den fortvila situasjonen folket er i. Dette fortalde Bernt Greger Olsen i Bibelselskapet på den økumeniske fredsgudstenesta i Trefoldighetskirken i Oslo 1. mars 2022. Salmen begynner slik:

*2 Herre, eg søker tilflukt hos deg,  
lat meg aldri bli til skamme!  
Fri meg ut i di rettferd!*

*3 Vend øyret til meg,  
skund deg og redd meg!  
Ver meg eit vern og eit berg,  
ei borg til frelse!*

*4 Du er mitt fjell og mi borg;  
for ditt namns skuld  
fører og leier du meg.*

*5 Løys meg or garnet  
dei har spent ut for meg!  
For du er mi tilflukt.*

Salmen er gjennomsyra av ein trygg tillit til Gud, midt i ein vanskeleg situasjon. Fienden er tydeleg til stades i teksten; vidare utover i salmen står det om planar om å ta liv (v 14), om overgrep frå menneske (v 21), og om ein kringsett by (v 22). Derfor blir også dei tillitsfulle orda ekstra sterke.



*Frå ei fredsgudsteneste i Trefoldighetskirken i Oslo. Foto: Den norske kyrkja*

## I dødsskuggens dal

Bibelen sin bodskap om Jesu oppstode frå dei døde er ei kjelde til von for oss menneske som vandrar i dødsskuggens dal.

Ein bodskap om at vi i trua har del i den same oppstoda som Jesus.

I Bibelen møter vi òg ei historie om Lasarus som vert oppreist frå døden og kalla ut or grava.

Jesus vekkjer Lasarus opp frå dei døde.

Bodskapen her er så langt frå våre røynsler og vår røyndom at han ikkje kan gje oss den minste von om noko liknande. Slikt skjer ikkje, sjølv om millionar av menneske har bedt og trygla om å få oppleva å få sine døde attende.

Men Lasarus fekk sanna Jesu makt, og han fekk gå nye, løyste steg før han igjen – ei tid seinare – måtte leggjast i grava på ny.

Det var ikkje himmelen Lasarus kom attende til. Det var dette livet i dødsskuggens dal. Men det er eit streif av ljøs – som når like til oss –

også frå Lasarus si grav.

Det vitnar om kven Jesus er, dødens overvinnar.

Og Jesu tomme grav gjev verkeleg von til oss om at me skal få gå dei løyste stega på ei ny jord, der alle ting er gjort nye.

Der skal ingen meir gå dei tunge stega bak ei bære.

Dette er sjølve hjartet i den kristne trua, og difor kan Svein Ellingsen skriva i ein salme:

*«Du som er trøstens kilde  
la oss få tro i sorgen:  
tro at vi alltid er hos deg,  
vår Herre i liv og død.*

*Per Børge*



Arkivfoto frå ei påskedagsgudsteneste i Gulen kyrkje.

*Prosesjonskrossen er pynta med gullgule påskeliljer, noko som ber bod om framtid og von!*

## Årsmelding for Gulen kyrkjelege råd og Gulen kyrkjelege fellesråd 2021



### Refleksjonar i koronaen si tid

*Dagen i dag har såkorn i seg for morgondagens blomster (kinesisk ordtak)*

Enno eit pandemi-år. Enno eit år med avstand. Med reglar. Med kjenne endringar. Med planar som går i vasken. Med å misse kontroll. Med å glede seg over dei små ting som faktisk kan gjennomførast. Men ved neste pressekonferanse frå regjeringa, med påfølgjande smittevernrettleiing frå DnK, ny start, ny gjennomgang, mismot og tunge dagar; kva held vi på med?? Jau, dugnad for oss alle, for å ivareta liv og helse, uansett andre oppgåver.

Kva har kyrkja i Gulen kunna vere for folk i desse vanskelege tider?

Har kyrkja fylt rolla si, og gjennomført oppgåvene?

Som kyrkjevevje er det lett å sjå på det vi ikkje fekk gjennomføre, avgrensingane vi måtte halde oss til, pårørande som var fortvila over at dei ikkje kunne samlast mange i gravferd og ha minnesamvær etterpå, og usikkerheit frå folk i bygda om det var plass i kyrkja, - dei ville så gjerne ta avskjed med ein god nabo, kjær venn,

slekting, men dei var ikkje i næraste familie.

På den andre sida dåpsfølgja, dei som ville døype barnet sitt, men som helst ville feire den store gleden med alle i familien.

Og brudepara, som hadde planlagt vigslе i lang tid, men måtte snu om på planane. Kva med alle dei, har vi vore der for dei?

Eg opplever at svaret er ja, så langt det let seg gjere. Staben vår er liten, men samtidig fleksibel, og difor har vi kunna tilrettelagt med ekstra dåpsgudstenester, endra kyrkjestad for vigslе, hatt konfirmantundervisning i ulike bygder for ikkje å blande dei ulike «kohortane», og vore opne for tilpassing til ei kvar tid. Men det skal ærleg innrømmast at når fredagssysla i lange tider var å oppdatere smittevernleiaren lokalt, informere stab og frivillige om kva som var gjeldande komande søndag, så kjenner ein alle på slitasje. For vi hadde så lyst å gjennomføre det som var planlagt, og invitere folk til kyrkja!

Det er difor imponerande at antal gjennomførte gudstenester er ganske høgt, sjølv om antal frammøtte aldri vil kunne samanlikknast med normalen.

På den andre sida har presten brukt tida godt, og samtalar med enkeltpersonar, besøk på sjukeheimen når det var lov, kontakt med konfirmantar og foreldre, og gjennomføring av fellessamlingar innimellom, har gjort godt.

Arbeidet i Gulen kyrkjelege råd har

gått sin gang, og endeleg greidde vi også å få til ei felles inspirasjons-samling i Mjømna kyrkje tidleg på hausten. Det var utruleg kjekt å få treffe sokneutvala, og få ein god samtale om arbeidet i kyrkja. Og ikkje minst bli litt kjende med kvarandre, - det er langt mellom Brekke, Gulen og Mjømna, men når vi kjem saman, kjenner vi på fellesskapen.

Prøveordninga med eitt råd gjeld fram til kyrkjevalet i 2023, og erfaringane i desse åra vil legge grunnlaget for vegen vidare.

Det å jobbe i kyrkja er spennande, og gir mange verdifulle opplevingar. Møteplassane har kanskje ikkje vore så mange dette året, men dei gode samtalanе kan vi ha uansett, der vi treffest. Pårørande i ulike livssituasjonar treng nokon som lyttar, og som har tid. Slik sett har denne koronatida kanskje gitt oss høve til å vere til stades på ein litt annan måte enn elles. Samfunnet vårt legg opp til at alt skal rapporterast, teljast og «gjerast opp», vi blir målte etter effektivitet. Men i møte med menneske er det andre verdiar som tel. Kvar dag kan vi vere med å så inn noko som seinare kan blomstre og gje ny giv, er det ikkje flott? Og ikkje minst, minne oss på at det finst ein himmel over liva våre, med håp for morgondagen.

Til slutt vil eg takke stab, folkevalde og frivillige som har stått i tenesta, gjort ein ekstra innsats når det har vore trong for det, og som har måtta takle raske endringar også i den kyrkjelege tenesta. Takk for eit godt

samarbeid med Gulen kommune, og for lokaliseringa på kommunehuset, som gir oss i ein liten stab eit fellesskap.

Tenestekjøpsavtalen med kommunen fungerer godt, med godt samarbeid for å få utført oppgåvene vi har avtale om.

Uansett kva som skjer i 2022, håpar eg at vi kan vere til stades som kyrkje for folket i Gulen, og spreie glede, håp og tru også i dagane som kjem.

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*



## Råd og utval

Det har vore 8 møte i Gulen kyrkjelege råd/Gulen kyrkjelege fellesråd, og det er til saman handsama 31 saker.

GKF har gitt uttale i høyringssaka om ny kyrkjeleg organisering, det har teke mykje tid, og vore omfattande.

I hovudsak var dette ei høyring om felles arbeidsgjevartilknytning for både prestar og dei andre tilsette. Slik det er i dag, er prestane tilsette i bispedømmet, medan resten av staben er tilsette i fellesrådet.

Framlegget til løysing var å etablere prostifellesråd, som skulle ha arbeidsgjevaransvar for alle som jobbar i

kyrkja.

Tanken var at større einingar kunne ivareta denne oppgåva, og fellesråda slik vi kjenner dei i kvar kommune, ville forsvinne.

I høyringsuttalen la GKF vekt på at ein ikkje måtte misse den lokale tilknytninga kyrkja har, og at konsekvensane lokalt ikkje var svart ut, men skulle utgreiast vidare.

Slik det er i dag, er det tett kontakt mellom fellesråd og kommune, då finansieringa i hovudsak ligg til kommunane, - bortsett frå prestestillingane og delvis trusopplæringa, som er statleg finansiert.

Oppsummert så støtta ikkje GKF framlegget til ny organisering med prostifellesråd, men støtta at ein bør ha felles arbeidsgjevar for alle som jobbar i kyrkja.

I Gulen kyrkjelege råd er det to medlemar frå kvart kyrkjesokn, samt soknepresten.

I saker som skal handsamast av Gulen kyrkjelege fellesråd, tiltrer kommunal representant i tillegg.

I kvart av kyrkjesokna er det eit sokneutval, der to av rådsmedlemene deltek saman med dei andre som blei innvalde ved kyrkjevalet i 2019.

Det er oppnemnt eit AU som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje. AU blir i hovudsak brukt til kontakt via mail, med utveksling av synspunkt og orientering om raske endringar som har skjedd, særleg som følgje av koronatiltaka i samfunnet.

Administrasjonsutvalet har bestått av tre frå fellesrådet og to frå dei tilsette:

Kåre Sigurd Krakhella, Åse Haugen, Mina Andreassen, Margrethe Skåden og Peter Jobbagy. Det har ikkje vore møte i 2021.

### **Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd, GKR, og fellestrådet, GKF 2021:**

**Brekke sokn:** Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Einar Takle. Vara: Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Olaug Tveit Evensen.

**Gulen sokn:** Åse Haugen, Haldis Steine. Vara: Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen.

**Mjømna sokn:** Anne Kristine Evjenth Ytreøy, Mina Catrin Dahl Andreassen, nestleiar. Vara: Bente Iren Haugen, Sølvi-Ann Oddekalv, Arve Mjømnen.

**Geistleg representant:** Per Børge Hillestad. Vara: Bjørn Magne Hansen.

**Kommunal representant i GKF:** Odd Harald Eide. Vara: Ingolf Werge-land.

Av dei faste, folkevalde medlemmane i rådet er det 33 % menn og 67 % kvinner.

### **Tilsette**

Ingunn Sognnes, kyrkjevevjerje, 80 %. Margrethe Skåden, kontorfullmektig, 20 %.

Peter T. Jobbagy, organist, 60 %.

Peter T. Jobbagy, kyrkjelydspedagog, 26 %.

Peter T. Jobbagy, kyrkjetenar

Mjømna, 14 %.

Astrid Øie Tveit, kyrkjetenar Gulen, 17 %.

Randi Trædal, kyrkjetenar Brekke, 14 %.

Aage Olav Sandal, klokkar, 5 %.

Maren Daae Eide har blitt innleigd i inntil 10 % til konfirmantarbeidet slik som tidlegare.

Av dei samla 2,36 årsverka er det to menn (105 %) og fire kvinner (131 %). I tillegg kjem prest i 100 % stilling, men GKF er ikkje arbeids-gjevar for presten.

Det har ikkje vore sjukmeldingar utover arbeidsgjevarperioden.

Klokkartenesta i Brekke og Mjømna blir utført av frivillige, medan Aage Sandal er tilsett klokkar i Gulen.

### **Gudstenester og kyrkjelege seremoniar**

#### **Gudstenester**                      **2021**    **2020**

Brekke                                      15            15

Gulen                                        18            22

Mjømna                                    15            16

#### **Dåp**                                      **2021**    **2020**

Brekke                                      5             5

Gulen                                        10            9

Mjømna                                    4             6

#### **Konfirmasjon**                      **2021**    **2020**

Brekke                                      7             6

Gulen                                        9             17

Mjømna                                    2             1

#### **Vigsel**                                    **2021**    **2020**

Brekke                                      1             0

Gulen                                        1             1

Mjømna                                    4             1

#### **Gravferd**                              **2021**    **2020**

Brekke                                      8             5

Gulen                                        18            8

Mjømna                                    3             4

Når det gjeld antal gudstenester, er

alle medrekna, inkludert dåpsgudstenester, skulegudstenester og utegudstenester. På grunn av koronarestriksjonane har det vore fleire reine dåpsgudstenester enn det vanlegvis er.

## Trusopplæring

Når det gjeld trusopplæringa, så er det gjennomført hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar i alle kyrkjene, og med utsending av cd til 2-åringane i Gulen og Brekke.

Det var planlagt tårnagentsamling på Mjømna i haust, men på grunn av renovering av toaletta, blei dette utsett. I Brekke blei det gjennomført ei Lys vaken-samling i haust, med overnatting i kyrkja.



*Frå ei Lys vaken-samling i Brekke i 2017*

## Sokna

Kvart sokn har i den nye ordninga eit sokneutval. Det er ikkje eit formelt organ, men er viktig for å vere nær i den einskilde kyrkjedyden og bidra i det kyrkjelege arbeidet, samtidig som ein har kontakt inn mot Gulen kyrkjelege råd. Sokneutvala har blant anna oppgåver som kyrkjevortar, tek på seg dugnadsarbeid og kjem med innspel

til GKR.

Det har vore to fellesmøte med alle sokneutvala, ei inspirasjonssamling i Mjømna kyrkje, og eitt møte på Dalsøyra, der høyringssaka om ny kyrkjeleg organisasjon var tema.

## Sokneutval:

**Brekke:** Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Olaug Tveit Evensen, nestleiar, Einar Takle, Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Synnøve Bjordal Giil, Marit Sætre, Berit Tveit Solheim, Grethe Brekken Oppedal.

**Gulen:** Åse Haugen, leiar, Haldis Steine, Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen, Judith Avril Adams.

**Mjømna:** Bente Iren Haugen, leiar, Anne Evjenth Ytreøy, Mina Dahl Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Arve Mjømnen, Erene Oddrun Wilberg, Heidi Rosseland, Gunnlaug Oddny Birknes.

## Brekke sokneutval

*v/Kåre Sigurd Krakhella*

Året 2021 var prega av Korona og nedstenging. Difor var det lite aktivitet, vi arrangerte ikkje kyrkjekaffi så lenge nedstenginga varte.

Arbeidet til kyrkjevortane avgrensa seg til registrering av framømte for eventuell smittesporing.

Vi gjennomførte dugnad på kyrkjegarden i byrjinga av mai i samarbeid med Bygdekvinnelaget.

Smitterestriksjonane gjorde også her at vi ikkje la opp til noko sosialt, eller at bygdefolket blei gitt høve til å delta.



Så på haustparten vart det endeleg lette i restriksjonane, og vi kunne ta til med kyrkjekaffi igjen.

Og haust-takkefesten føregjekk nokolunde fritt. Diverre blei det ny nedstenging seinare på hausten, og juleverkstaden måtte avlysast også i 2021.

Sokneutvalet gav også i år ein blome til dei som har mista ein av sine i året. Brekke sokneutval har hatt tre møte og handsama 10 saker.

I tillegg har vi hatt ein del kontakt på e-post og telefon. Diverre har dei fleste sakene handla om smittevern, eller at eventuelle planar måtte utsettast til etter at pandemien var over.

Særleg skuffande var det at juleverkstaden måtte avlysast.

Vi deltok også på eit fellesmøte med dei andre sokneutvala på Dalsøyra, for å gjennomgå høyring om ny organisering av kyrkja.

Friviljug klokkarteneste: Bjarne Tveit, Bodil Bjørlo Takle, Kristin Kjelby, Ragnar Mundal, Olaug T. Evensen.

## Gulen sokneutval

v/Åse Haugen

På grunn av smitterestriksjonar har det i 2021 vore lite utvalet har fått utført, men litt er gjort:

- Tre utvalsmøte
- To dugnader på kyrkjegarden
- Me hadde ei flott og travel utegudsteneste på Flolid, med mykje folk.
- Hausttakkefesten gjekk av stabelen med utdelning av bøker til 4- og 6-åringar, det var eit yrande liv av barn

og vaksne.

- Kyrkjekaffi er alltid koseleg, og det har me hatt kvar søndag når smittesituasjonen har tillate det.



*Sokneprest Per Børge Hillestad på Flolid, på gudstenesta 1. pinsedag.*

## Mjømna sokneutval

v/Bente Haugen

Det har vore diverse aktivitetar i Mjømna sokn trass i koronarestriksjonane. Alt dette har skjedd på dugnad frå frivillige.

- 5 eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter
- Haustfest i Byrknes bedehus
- Kyrkje og kyrkjegard:**
- Dugnad med vasking av benkar, vinduskarmar og diverse rydding
- Dugnad med klipping av busker og rydding av kyrkjegarden
- Strøing/fjerning av snø og is før gudstenester og elles ved tilfeldige besøk på kyrkjegarden
- Julepyntlagning og pynting av jule-

tree i kyrkja i samarbeid med barneforeininga, aktiviteten på alderstunet og bygdefolk

### **I samband med gudstenestene:**

- Kyrkjevertane har hatt ansvaret for at smittevernreglane vart følgde
- Kyrkjekaffi der ein har teke omsyn til smittevern

### **Anna:**

- Bidrege til planlegging av plassering av minnestøtta for Bjørn West ved kyrkja, og delteke på avduking av denne

- Utdeling av olivenkors til konfirmantane

- Sjølv om sokneutvalet ikkje har direkte ansvar på noko vis, har det utpå hausten blitt liv i Barneforeininga og Yngres i soknet.

Vi er glade for at nokon tek på seg arbeidet med å gje dette tilbodet til barn og unge, så vi meiner det bør vere med.

- Vi har hatt sporadiske kjøkkenmøte, sjølv om dei har vore sjeldnare enn vanleg.

- Sjølv om kyrkjeverja har stått for hovudarbeidet, har vi arbeidd litt med tankar rundt oppussing av toalett ved kyrkja, bårerommet og ny rullestol-inngang.



*Foto: Sølvi Randal*

## **Kyrkjelydsarbeidet**

*v/sokneprest Per Børge Hillestad*

Enhver kristens liv begynner der alt liv begynner. Vi er skapt, født og villet av Gud. Vi døpes inn i kirken til et liv med Kristus. Kirken er der menneskene samles i Den treenige Guds navn, der det døpes, bes, leses fra Guds ord, og hvor brødet og vinen, Kristi legeme og blod, deles.

Gjennom kirken vår her i Gulen er alle kristne del av et fellesskap som finnes nesten i hver eneste by og bygd over hele kloden.

Arbeidet i kirken vår var i 2021 annerledes enn vanlig, mye grunnet pandemien knyttet til Covid-19.

Men arbeidet stoppet ikke opp, og noen refleksjoner frå pandemiåret kan være godt å ta med oss.



*Arkivfoto av ein gudstenesteplakat v/PB*

### **1: Dåpsbarna**

Arbeidet med dåp og dåpsforeldre var en berikelse, og inneholdt etter mitt syn grunnlag for økt optimisme for folkekirken fremover. Som de fleste kirker, tilbød Gulen mer aktivt enn vanlig, egne dåpsgudstjenester i 2021. Tilbakemeldinger tyder på at mange var takknemlige for denne muligheten. Dåpen står sterkt i folks bevissthet, og dåpsgudstjenestene

opplevdes høytidelige, samtidig som de hadde en større grad av involvering i forhold til vanlig høymesse.

Man vågde i større grad enn vanlig å ta del både i tekstlesinger og i det musikalske.



*Frå lysmessa i november, der konfirmantane deltok*

## **2: Konfirmantene**

Arbeidet med konfirmantene har etter mitt syn blitt skadelidende under pandemien.

Men det er allikevel all mulig grunn til å tenke positivt om konfirmantarbeidets fremtid:

Sammen med trosopplærer Maren Daae Eide fikk vi mulighet til å invitere konfirmantene til kapellet på Byrknes til pizza og kino for å bygge relasjoner.

På Byrknes stilte sokneutvalget flott opp, med pynting og de nydeligste retter og kaker til konfirmantene.

Dette ble virkelig satt pris på.

Pandemien gjorde imidlertid slike kvelder vanskeligere å arrangere på fast basis.

I Brekke hadde vi undervisnings-samlinger på bedehuset, og også der har bedehusstyret stilt flott opp og stelt i stand med pynting og de flotteste retter. Dette er vi takknemlige for.

Maren og jeg er også så heldige at vi i år har fått med oss Eirik Halsnes i konfirmantteamet.

Han kommuniserer svært godt med ungdom, og brenner for arbeidet.

Dette vet vi at konfirmantene setter pris på!

Som team fungerer vi svært godt sammen, med komplementære egenskaper.

Vi reiste også til Hyllestad på konfirmantleiren «Basecamp».

Denne leiren gjorde vi til et frivillig alternativ, og vi inviterte samtidig med oss fjorårskonfirmantene.

15 ungdommer fikk en flott opplevelse, og jeg vil legge til at jeg sjelden har opplevd en så godt tilrettelagt og gjennomført ungdomsleir.

I et samarbeid med Bjørgvin bispedømme og kirken i Masfjorden arrangerte vi også en konfirmantkveld sammen med farmenpresten Thor Haavik i Frøyset kirke.

Det ble en populær kveld, og noe vi brukte videre i konfirmantundervisningen.

## **3. Læring fra Koronatiden.**

Noe av det som står frem etter to år preget av Corona, er behovet for, og nødvendigheten av, fellesskap i form av fysiske møtepunkt.

Det digitale kan hjelpe noe i nøden, men kan langt ifra dekke behovet for fysisk fellesskap.

Jeg tror det er hensiktsmessig å prioritere skreddersydde invitasjoner til for eksempel egne samlinger i kirken for pensjonistforeninger, lag og foreninger blant de eldre.

Pandemien har skapt et vakuum av mangel på fellesskap, som kan utnyttes positivt av kirken.

Vi har nå en historisk sjanse til å skape en form for kirkelig relevans for mennesker som ikke har kjent på dette før.

Eldregudstjenesten i desember er et godt eksempel på dette. Gulen sjukeheim stilte flott opp og la til rette på alle mulige måter for at beboerne skulle få et flott gudstjenestebesøk i kirken i førjulstiden.

## Kyrkjer og kyrkjegardar

### Brekke:

Det har lenge vore snakk om ombygging av Brekke kyrkje for å skifte ut benkane med stolar, få universiell utforming, isolere golvet og få inn meir lys og varme.

Gulen kyrkjelege fellestråd har fått Ryland Bygg til å utarbeide eit prosjektnotat og skisse til løysingar på dei ulike områda, og dette blei presentert på soknemøte etter gudstenesta 12. september.

Dei fram møtte hadde ulike synspunkt, og det kom fram at ein i ein slik prosess også måtte ta vare på historia og det som er særmerkt for kyrkja.

Sokneutvalet jobbar vidare med saka i

2022, med mål om å få sett ned arbeidsgrupper for ulike delar av prosjektet.

Før det blir teke ei endeleg avgjerd om prosjektet skal gjennomførast, vert det ikkje utført større vedlikehald eller oppgradering i kyrkjerommet.

**Gåve:** I sommar mottok Brekke kyrkje ei flott gåve: to stolar i gyllenlêr! Det er arvingane etter Agnar Asheim og Pauline Haugen Asheim som har gitt stolane til kyrkja. Pauline, som var fødd i 1931 i Hornindal, har laga gyllenlêret på stolane. Kven som hadde laga stolane, visste ikkje arvingane. Det er mykje arbeid å lage gyllenlêr, og stolane er svært fine. Dette er verkeleg ei flott gåve til kyrkja!



*To stolar i gyllenlêr, gåve til Brekke kyrkje, som blei overrekket av Reidun Asheim Langesæter.*

### Brekke gravplass:

Når det gjeld gravplassen, har det på nedre del blitt teke vekk buskar og

kratt både i skråningane og langs gjerdet, slik at gravminna blir synlege, og det blir lettare å kome til og halde det fint.

Til våren skal det såast i med plenfrø. Elles er det utført dugnad i vår, og bygdekvinnelaget stilte opp slik dei brukar, saman med sokneutvalet.

### **Gulen:**

Gulen kyrkje har endeleg fått meir lys! Med galleri som går heilt fram på begge sider, vert det ikkje mykje dagslys som kjem inn, og i den mørke årstida er det vanskeleg å få nok lys i sjølve kyrkjerommet.

Dette er eit prosjekt som har stått på ønskelista lenge, og rett før jul fekk vi på plass nokre lyskastarar for å teste ut verknad, plassering og kva som gav effekt.

Prosjektet er ikkje endeleg avslutta, då plassering og montering ikkje er endeleg, men meir lys har det blitt. Det er innkjøpt 30 nye benkeputer til kyrkja, gitt som gåve. Gåva var på kr 20.000, og innkjøpet er gjort i samsvare med gjevaren sitt ynskje. Ei flott gåve som vi er svært takksame for!

### **Gulen gravplass:**

Det har blitt rydda meir etter dei store trea som blei tekne ned, og stuvane har blitt slipte ned slik at det skal bli lettare å jamne ut området langs gjerdet.

Det er no fem bossdunkar på parkeringsplassen til restavfall, og fire for ulik sortering ved overbygget inne på gravplassen. Dette overbygget for

vasspost og bossdunkar blei i haust pussa opp på dugnad, og med denne oppryddinga på avfallshandteringa er håpet at det skal bli fint og ryddig, og at vi skal unngå at bossdunkane blir tekne av vinden og ligg og sleng.

### **Rutle gravplass:**

Det er vedteke ein plan for opprusting av denne gamle gravplassen, som ligg fint til mot sjøen på Rutle. Gravplassen er plaga med hjort, og gjerdet har lege nede lenge, medan trea rundt har blitt store og krattet tett. Fellesrådet var på synfaring i vår, og etter det har det blitt laga ein plan for opprusting.

Gjerdet er fjerna, og trea tekne ned. Spesielt viktig var det å få vekk bjørka som stod bak minnestøtta. Oppsetjing av nytt gjerde, planering for parkering mm vil bli utført i 2022.

### **Mjømna:**

Prosjektet som har hatt hovudfokus i 2021, er ny rullestolinngang, eit arbeid som blei starta opp i 2020.



*Foto: Arkiv*

Det har ikkje vore lett å finne den beste løysinga, og det har vore tett kontakt med kyrkjebyggkonsulent Martin Reichenbach, som har kome med råd og rettleiing i prosessen.

GKF går inn for alternativet med ny rampe på nordsida, inngang bak i kyrkja, og fjerning av to benkerader. På siste møte før årsskiftet blei det vedteke å utvide prosjektet til også å gjelde ombygging av hovudtrapp, med nye gangveggar/tilkomst mellom hovudinngangen, bårehus med nytt HC-toalett og den nye rampa på nordsida.

Prosjektet må godkjennast av biskopen, deretter må det søkjast kommunen om godkjenning etter plan- og bygningslova.

GKF har sett av midlar, men med utviding av prosjektet må ein kome tilbake til fullfinansieringa.

### **Mjømna gravplass:**

Bårehuset med toalettanlegg trong ei renovering, og universiell utforming av toalettet mangla.

Skiljeveggene blei tekne ned, nytt golvbelegg lagt, og veggene blei malte. Ny dør som ivaretek universiell utforming, er på plass, og vindauge måtte også skiftast ut.

Det er no eitt toalett i kvart rom, det eine tilpassa rullestolbrukarar.

### **Tilsyn i kyrkjene:**

Det har blitt utført EL-tilsyn i alle tre kyrkjene, og det blei ikkje avdekkja manglar eller feil som hasta å utbetre, men det blei påpeika nokre område der ein bør føreta utbetringar.

Det har også blitt utført kartlegging av kyrkjebygga gjennom kyrkjebyggkontrollen i sommar, og gjennomgang av inventar. Dette er ein kontroll som blir utført kvart fjerde år, og som

KA ber oss om å gjennomføre på oppdrag frå staten.

### **Økonomi**

Dette er andre året med felles rekneskap for Gulen kyrkjelege råd og fellestrådet.

Ofringar og gåver gitt i dei ulike kyrkjesokna, blir ført under tenesta «anna kyrkjeleg verksemd».

Sameleis kjem det fram kor mykje som er samla inn og sendt vidare til ulike organisasjonar ved kyrkjeofringane.



Fasteaksjonen, der konfirmantane brukar å vere bøsseberarar, blei også i år digital pga. pandemien.

Det kjem inn betydeleg mindre pengar når ein ikkje har kunna gå rundt på dørene, då den digitale innsamlinga ikkje når alle.

Tiltak knytt til koronapandemien gir også i år utslag i lågare aktivitet, og kostnader knytt til trusopplæring og konfirmantar er difor under budsjett. Det same er skyssgodtgjeringa. Rekneskapen for Gulen kyrkjelege fellestråd er ført på rekneskaps-

avdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen.

Det er gitt tilskot frå kommunen med kr 2.423200,- i driftstilskot og kr 150.000 i investeringstilskot, totalt tilskot på kr 2573200,-.

I tillegg kjem verdien av tenestekjøpsavtalen.

Tenestekjøpsavtalen med kommunen inneheld avtale om rekneskaps-tenester, IKT-tenester, kontorlokale og tenester frå drift/vedlikehalds-avdelinga.

Endeleg kostnad for denne tenesta utgjorde i 2021 kr 610.600,-, men den har ikkje rekneskapsmessig effekt, då den er sett opp i balanse.

Totalt sett har koronatiltaka ikkje medført vesentlege auka kostnader for kyrkja, men den har heilt klart lagt ein dempar på aktiviteten og slik redusert kostnader vi normalt skulle hatt.

Når det gjeld straumkostnadene, har det vore usikkerheit rundt korleis dei ville slå ut, men med redusert aktivitet i kyrkjene så har vi kome ut på budsjett.



Kyrkjelydsbladet har kome ut med fire nr., og det blei som tidlegare lagt inn giro i haustutgåva.

Gåveinngangen har vore god, og det kom inn kr 77.710,- i gåver til drift av bladet.

Mesteparten av arbeidet blir per i dag gjort på dugnad, både med oppsett av bladet og med fordeling rundt i postkassane. Dette gjer at vi kan setje av kr 34.263,35 på fond, noko som vil kome godt med den dagen vi må inn på andre løysingar for produksjon av bladet.

Når det gjeld kyrkjebygg og gravplassar, har vi ei overskriding på budsjettet for gravplassane.

Dette skuldast at renoveringa av bårehus/toaletta på Mjømna blei både meir omfattande og dyrare enn planlagt.

Fellesrådet blei undervegs orientert om dette, og støtta at renoveringa skulle gjennomførast fullt ut.

På investeringssida har prosjektet med ny rullestolinnang i Mjømna kyrkje blitt overført til budsjettet i 2022 for gjennomføring, då 2021 har gått med til planlegging.

Prosjektet er utvida til å omfatte hovudtrapp og tilkomstvegar.

Rekneskapan er oppgjort med eit overskot på kr 242.050,44.

*Eivindvik 23.02.2022*

*Kåre Sigurd Krakhella, Leiar GKR / GKF  
Ingunn Sognnes, Kyrkjeverje*





## Konfirmasjonane i vår:

Mjømna kyrkje: 8. mai 2022

Brekke kyrkje: 15. mai 2022

Gulen kyrkje: 22. mai 2022

## Årssamlingar

Det blir årssamlingar etter gudstenestene desse datoane:

Mjømna kyrkje: 13.03.

Gulen kyrkje: 20.03.

Brekke kyrkje: 27.03.

## Ledig stilling

**Gulen kyrkjelege fellesråd har ledig prosjektstilling i 50 % ved Gulen kyrkjekontor.**

Vår kyrkjeseekretær skal ut i 1 års permisjon frå 1. april, og vi aukar opp stillinga og lyser den ut som ei prosjektstilling fram til 31.03.2023. Dagens oppgåver til sekretæren vil inngå i stillinga, samt arbeid med digitalisering og endring av rutiner ved å ta i bruk og utnytte digitale verkøy.

Omlegging av kyrkjelydsbladet vil inngå i stillinga.

Søknadsfrist: 20.03.2022.

Kontakt kyrkjevevjerje Ingunn Sognnes, mobil 97044591.

Sjå meir om stillinga på [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)



## 60 born ventar – dei treng ein familie no!

Mange born treng ein fosterheim.

I desse dagar er det rundt 60 born i Rogaland og Vestland som ventar på ein heim.

No går Bjørgvin bispedøme, Fosterheimstenesta i Bufetat og den diakonale, ideelle stiftinga CRUX saman om å informere i ulike kyrkje-lydar om det store behovet det er for fleire fosterheimar.

Dette ynskjer Bufetat i region vest velkommen.

Mallin Østerhus, einingsleiar i fosterheimstenesta i i Bufetat region vest, seier:



– Heldigvis er det mange gode fosterheimar i vår region, men vi treng framleis mange fleire. Eg veit at det er mange gode og omsorgsfulle familiar i kyrkjelydane i fylket.

Ho seier vidare at Bufetat har eit godt samarbeid med nokre private aktørar, mellom anna CRUX, som jobbar med rekruttering og oppfølging av forsterka fosterheimar.

### **Verdas viktigaste jobb**

– Å vere fosterheim er å vere der og stille opp for born som treng det mest.

Det er vel ein av dei viktigaste jobbane vi kan ha her i verda?

For eit barn som har hatt det vanskeleg, kan det å få oppleve heilt vanlege ting, gjere ein stor skilnad.

Ein omtensam og varm familie kan gje rammer og tryggleik, slik at barn kan vere barn.

I CRUX jobbar vi med forsterka fosterheimar for dei mest sårbare borna, der ein vaksen får godtgjersle tilsvarande 100 % jobb.

Familiane våre får tett oppfølging og rettleiing, og er i ein fellesskap med andre fosterheimar som gjev støtte og tryggleik, seier fagkonsulent Hege Gjeitrem Kulsås i CRUX hjem - Bergen.

– Vi treng ulike heimar, fordi borna har ulike behov, seier Hege.

Det finst også andre typar fosterheimar, mellom anna kommunale fosterheimar som får oppfølging av den kommunale barneverntenesta.

Det er difor viktig at familiar som er nysgjerrige og vil høyre meir om fosterheimar og kva dette innebér, tar

kontakt. Så kan vi saman finne ut om dette er noko for din familie.



### **Nysgjerrig? - Ta kontakt!**

Vil du vite meir, har spørsmål, eller berre er litt nysgjerrig på kva det vil seie å vere fosterheim i CRUX, kan du ta heilt uforpliktande kontakt med oss. Du kan også lese meir om vårt arbeid på nettsidene våre: [stiftelsenecrux.no](http://stiftelsenecrux.no).

Følg gjerne «CRUX hjem» på sosiale medium, både på Instagram og Facebook, seier Hege med eit smil.

### **Oppfølging og hjartevarme for borna**

Kvar heim får tildelt ein fast fagkonsulent som følgjer dei opp og koordinerer det faglege arbeidet rundt barnet/ungdommen. Det kan også vere støtteheimar og miljøterapeutar knytt til familiane, slik at kvart barn får eit godt og individuelt tilpassa tilbod. – For oss er det særskilt viktig med fast rettleiing, at vi blir sett og høyrd, og at rettleiaren er lett å få tak i, og at vi blir møtt med forståing for det vi står i med barnet. For oss betyr det også noko at CRUX er ei diakonal stifting, deira fokus er å sjå heile mennesket, ut frå det kristne verdi-

synet. Same kva vi strevar med, er vi alle elska og unike. I CRUX arbeider vi med hjarte og varme. Vi har rett og slett hjartevarme for barna.

*Tekst og foto: CRUX*



## Takk

Takk for all omtanke i anledning Nikolai Arne Erdal sin bortgang. Takk for blomstene og gavene som ble gitt til LHL i hans navn. Takk til prest Bjørn Magne Hansen for en vakker seremoni. Takk til alle som var der, og til alle som tenkte på oss.

*Ingrid, Inger Helene og Marit*

## Takk

Ei varm takk for all omtanke og gode, varmande ord, helsingar, blomster, kransar og bukettar som vi fekk til heim og bære ved vår kjære Edvard Birger Leiv Tveit si bisetting. Vi vil takke kreftomsorga ved Brekke omsorgssenter og ved Gulen sjuke- og aldersheim for veldig god og omsorgsfull pleie. Vi takkar legane som hjalp til med smertelindring og bistand. Takk til prest Bjørn Magne Hansen,

til Solgul blomst og Solstrand begravelsesbyrå. Takk til alle som var med oss denne dagen.

*Med vennleg helsing Gunnar, Torill, Reidar og Berit m/familiar*

## Takk

Hjartans takk for all omtanke, gode ord, helsingar, blommar, kransar og bærebukettar i samband med vår kjære Jørgen sin sjukdom og død. Takk for at du var med oss i begravelsen.

Takk for tente lys på minnesida hans, og for gåver til LHL.

Takk til prest Torbjørn Sæle, som gav oss ei god, fin stund i kyrkja.

Takk til gode medarbeidarar i Vatne begravelsesbyrå, som gjorde alt for at vi skulle få våre ynskje infridd undervegs.

*Helsing Berit og borna*

## Minneord

Such a great, wise, skillful and honourable man. The whole family are amazing and lovely, and very honourable. My heart has been very much with the family since I heard the news. And my heart and spirit will be very much present for the ceremony as Jørgen is laid to rest later on today. Blessings to all the family. Very, very lovely to have spent the time I have with Steine family, and of course with Jørgen. Blessings to all, and to the ever lovely family of Jørgen and the Steine family.

*Nick Barbour*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### **GULEN SOKN:**

**27.02.22:** Elias Revheim Refsdal.

For.: Anne Revheim Refsdal og Asbjørn Refsdal.

**27.02.22:** Sverre Jakob Molland.

For.: Hanne Kristine Brattsti og Stian Kløvtveit Molland. Busette i Malm.

#### **BREKKE SOKN:**

**23.01.22:** Tuva Bakke Haugland.

For.: Anne-Linn Bakke og Jøran Ellingsen Haugland.

**20.02.22:** Ella Haugland Instefjord.

For.: Line Haugland og Jon Inge Instefjord.

**20.02.22:** Benjamin Wangensteen Tynning. For.: Annette Wangensteen og Halvor Tynning.

### Døde:

#### **BREKKE SOKN:**

**01.12.21:** Jostein Martin Ynnesdal, f. 1948.

**13.02.22:** Borgny I Oppedal, f. 1927.

#### **GULEN SOKN:**

**25.11.21:** Gudrun Johanne Svardal, f. 1931.

**06.01.22:** Nikolai Arne Erdal, f. 1948.

**07.02.22:** Vibecke Austgulen, f. 1970.

#### **MJØMNA SOKN:**

**07.12.21:** Elisabeth Einebærholm, f. 1930.

**27.02.22:** Joachim Harald Haufe, f. 1941.



## Kyrkjekalenderen



**NB!!** Det kan bli endringar i den opsette gudstenestelista. Følg med i aviser, på oppslag og nett:  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no),  
Facebook: kyrkjaigulen.

**13.03.**, 2. søndag i fastetida:

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Sunniva Hospital på Haraldsplass. Årssamling etter gudstenesta.

**13.03.**, 2. søndag i fastetida:

**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**20.03.**, 3. søndag i fastetida:

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Alle konfirmantane deltek. Offer: KFUK/KFUM. Årssamling etter gudstenesta.

**20.03.**, 3. søndag i fastetida:

**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kirkens bymisjon.

**27.03.**, Maria bodskapsdag:

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Årssamling etter gudstenesta.

**03.04.:** Ikkje gudsteneste i kommunen

**10.04.**, Palmesøndag:

**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**14.04.**, Skjærtorsdag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Ikkje offer.

**15.04.**, Langfredag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Ikkje offer.

**17.04.**, Påskedag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Høgtidsgudsteneste. Offer:  
Kyrkjelydsarbeidet.

**17.04.**, Påskedag:  
**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Misjonsprosjektet i  
Mali. Kveldsmat på bedehuset etterpå.

**18.04.**, 2. påskedag:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Sygna VGS.

**24.04.**, 2. søndag i påsketida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Changemakers.

**01.05.:** Ikkje gudsteneste i  
kommunen.

**08.05.**, 4. søndag i påsketida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Konfirmasjon. Offer:  
Misjonsprosjektet i Mali.

**15.05.**, 5. søndag i påsketida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Konfirmasjon. Offer:  
Kyrkjelydsarbeidet.

**22.05.**, 6. søndag i påsketida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Konfirmasjon. Offer:  
Kyrkjelydsarbeidet.

**29.05.:** Ikkje gudsteneste i kommunen

**05.06.**, Pinsedag  
**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 11.00**  
v/Per Børge Hillestad. Offer: NMS.

**06.06.**, 2. pinsedag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelyds-  
arbeidet. Utegudsteneste.

**12.06.**, Treeiningssøndag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Per Børge  
Hillestad. Mogleg utegudsteneste.

**19.06.:** Ikkje gudsteneste i kommunen

**26.06.**, 3. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Alværa  
misjonscenter.

**03.07.**, 4. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Per  
Børge Hillestad. Offer: Norsk Gideon.

**03.07.**, 4. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Per Børge  
Hillestad. Offer: Alværa misjons-  
center.

**10.07.:** Ikkje gudsteneste i kommunen

**17.07.**, Aposteldagen:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00.**  
Offer: Blå Kors

